
Saksnr: 2020/73625-3
Saksbehandlar: Janne Lisen Ringdal Strøm

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		17.02.2021

Kjøp av opplæringstenester i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Kjøp av spesialpedagogiske og sosialpedagogiske opplæringstenester kan berre skje dersom PPT konkluderer med at Vestland fylkeskommune ikkje kan gi tilfredsstillande tilbod
2. Den einkilde rektor/leiar av rettleiingstenestene er ansvarleg for at tilbodet som vert kjøpt eksternt, er i samsvar med krava i opplæringslova og forankra i læreplanverket for vidaregåande opplæring.
3. Dei vidaregåande skulane kan kjøpe tilbod i yrkesfagleg fordjuping og i godkjente lærebedrifter, godkjent vekstbedrifter og arbeidsmarknadsbedrifter for elevar som går i eit grunnkompetanseløp og har rett til spesialundervisning.
4. Avtale om kjøp av opplæringstenester og tenester for ungdom i oppfølgingstenesta skal skje i tråd med reglement for offentlege innkjøp og utarbeidde retningslinjer.
5. Avtalar om kjøp av opplæringstenester skjer lokalt ved den einkilde rettleiingsteneste eller vidaregåande skule med bakgrunn i ungdommane sitt behov og moglegheiter

Samandrag

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse og dei vidaregåande skulane vert jamleg kontakta av ulike private og frivillige organisasjonar som ønskjer å etablere økonomisk bindande avtaler om kjøp av opplæringstenester for elevar, lærlingar og ungdom utanfor opplæring og arbeid.

Vestland fylkeskommune har vedteke mål og strategiar for vidaregåande opplæring, PS 139/2020, *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring*, har eit klart mål om å *fornye og forbetre* struktur- og prosesskvalitet i eigne opplæringstenester for å auke gjennomføringa. Tenestene skal vere skreddarsydde til målgruppene i form av både førebyggjande og tilbakeførande tiltak.

Saka legg fram forslag til klåre prinsipp og grenser for når det er føremålstenleg å kjøpe tenester utanfor organisasjonen.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Kenth-Rune Teigen Måren
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Vestland fylkeskommune nyttar ein del midlar til kjøp av teneste frå private og frivillige organisasjonar som til dømes tiltak for ungdom i oppfølgingstenesta, spesialpedagogiske og sosialpedagogiske tilbod til skulane, praksisplass i yrkesfagleg fordjuping (YFF-faget) og praksisplass for elevlar med rett til spesialundervisning.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse ser det som naudsynt å etablere klare prinsipp og grenser for når det er føremålstenleg å kjøpe tenester utanfor organisasjonen og kvar avgjerda om kjøp av tenester skal takast.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering vedtakskompetanse i saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegering etter særlov.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket inneber å mindre kostnader til kjøp av opplæringstenester

Klima:

Inga betydning

Folkehelse:

Kan mellom anna føre til eit meir inkluderande skulemiljø i den vidaregåande opplæringa

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket er forankra i mål og strategiar for vidaregåande opplæring, PS 139/2020, *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring*. Tiltaket medverkar til å utvikle heilskaplege og gode tenester i eit framtidretta Vestland.

Bakgrunn for saka

Private føretak og ulike organisasjonar tilbyr sosiale og pedagogiske tenester til elevlar i skule og til ungdom i oppfølgingstenesta (OT). Nokre av organisasjonane har offentleg støtte. Vestland fylkeskommune sine mål og strategiar for vidaregåande opplæring, PS 139/2020, *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring*, har eit klart mål om å fornye og forbetre eigne opplæringstenester. For å lykkast med dette arbeidet er det avgjerande at vi har berekraftige strukturar med eigne tiltak av høg kvalitet og kan løyse pedagogiske oppgåver i eigen organisasjon.

Kjøp av spesialpedagogiske og sosialpedagogiske tenester i vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen skal gi tenester som samsvarer med lov og regelverk. Opplæringa for elevlar i vidaregåande opplæring skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Dette gjeld også som utgangspunkt for elevlar med spesialundervisning.

Vidaregåande opplæring sitt ansvar er å syte for tilpassa opplæring og spesialundervisning etter §§ 1-3 og 5-1 i opplæringslova. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har også overordna ansvar for at tilboda vidaregåande opplæring gir, er i samsvar med krava i opplæringslova kapittel 8 og 10, organisering av undervisning og krav til kompetanse i skulen. Opplæringslova § 13-10 seier at kommune og fylkeskommune skal stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava i opplæringslova skal kunne oppfyllest.

Alle skular har ressursar til å kunne tilpasse opplæringa og gi spesialundervisning til dei elevane som har rett til det etter sakkunnig vurdering frå PPT jf. opplæringslova §5-3.

Elevlar kan ha komplekse vanskar i krysning mellom det spesialpedagogiske og det sosialpedagogiske område. Desse ungdommane treng undervisningspersonale med særskilt og høg kompetanse får å sikre høg kvalitet på opplæringa. Opplæringslova stiller krav om at elevlar ikkje regelmessig kan takast ut av den ordinære opplæringa for å delta på alternative opplæringsarenaer, med mindre det føreligg sakkunnig vurdering som støttar ei slik organisering.

Kjøp av opplæringstenester er eit alternativ for elevlar som ikkje har eller kan få forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa. I slike tilfelle er det ein føresetnad at eleven har rett til spesialundervisning etter opplæringslova §5-1 og at det føreligg ei sakkunnig vurdering frå PPT jf. §5-3 som seier noko om kva for opplæringstilbod som er forsvarleg. Den sakkunnige vurderinga må seie kvifor kjøp er naudsynt og kvifor skulen/bedrifta ikkje kan gje fullgodt opplæringstilbod.

Fylkesdirektøren peiker på at ansvaret for å gje alle elevlar ei god opplæring av røynde lærarar som kjenner elevane, læreplanen og kva faktorar som må tas omsyn til for å gi best mogleg tilpassa

opplæring ligg hjå rektor. Fylkesdirektøren meiner difor at skulane sjølve må nytte ressursar for å gje kvalitativt gode tenester med høg kompetanse.

PPT har høg kompetanse innanfor pedagogiske og spesialpedagogiske området og oppdraget til PPT er både individ og systemretta. Fylkesdirektøren har styrka PPT sitt nærvær i skulen for å støtte skulane og lærebedriftene med førebyggjande tiltak for å få tidleg innsats. Denne styrkinga er eit godt grunnlag for å nytte ressursane i eigen organisasjon og sikre ei opplæring av høg kvalitet.

Kjøp av for yrkesfagleg fordjuping og arbeidsutprøving

For ein del elevar som har omfattande behov for spesialundervisning og mål om grunnkompetanse, kan det vere behov for å finne eigna arenaer kor eleven får prøve seg i praksis. Desse arenaene er bedrifter som gir arbeidstrening for ungdom som treng varig tilrettelagt arbeid (VTA).

Dei vidaregåande skulane har tett samarbeid med tilrettelagte arbeidsplassar, arbeidsmarknadsbedrifter og vekstbedrifter. I Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøpte skulane sjølve denne type tenester etter behov, medan sentraladministrasjonen i Hordaland fylkeskommune inngjekk rammeavtalar med VTA-bedrifter.

I Vestland er det store geografiske avstandar og fylkesdirektøren meiner at skulane kjenner best nærmiljøet og lokale aktørar. For å sikre at alle elevar får tilbod i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) og praksisplass, tilrår fylkesdirektøren at vi held fram med å kjøpe denne type tenester ettersom det er med å styrke likeverdig opplæring.

Frå hausten 2021 meiner fylkesdirektøren at den einskilde skule inngår avtaler med VTA-bedrifter dei vurderer som eigna samarbeidspartar. Opplæringa må vere forankra i sakkunnig vurdering jf. opplæringslova §5-3.

Kjøp av tenester i oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta (OT) har eit særskilt ansvar for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Tenesta gir råd og rettleiing om utdannings- og yrkesval og tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Målet er at ungdomen skal få formell kompetanse i form av studiekompetanse, yrkeskompetanse eller annan kompetanse.

Det er fleire aktørar som tilbyr tiltak for ungdom som er under oppfølging av OT jf. opplæringslova § 3-6. Dette er ungdom som ikkje er i opplæring eller arbeid og som har ungdomsrett.

Oppfølgingstenesta i Vestland er organisert gjennom rettleiingstenestene. For ungdommane har fylkeskommunen utarbeidd eigne tiltak som har høg kvalitet både pedagogisk og sosialpedagogisk. Døme på tiltak som har blitt etablert og vidareutvikla av fylkeskommunen er produksjonskule, SEFF-Florø og studiesenteret på Årstad vidaregåande skule. Det som kjenneteiknar tilboda er høg kompetanse på vidaregåande opplæring og erfaring med å dyktiggjere ungdommane til å kunne fullføre opplæringsløpet (PS 140/2020 og PS 3/2021).

NAV er ein sentral samarbeidspart for at OT skal kunne tilby kompetansehevande tiltak som aukar ungdommen sin moglegheit til å komme i arbeid. Døme på kompetansehevande tiltak kan verer sveisesertifikat, stillasbyggarkurs, truckførar sertifikat eller liknande.

Kvar rettleiingsteneste har ressursar dei kan nytte til kjøp av tenester og tiltak for ungdom som er i oppfølgingstenesta. Fylkesdirektøren har utarbeidd eigne retningslinjer for bruk i rettleiingstenestene for kjøp av tenester. Desse er i tråd med regelverk for offentleg innkjøp. Sjå vedlegg til saka.

Konklusjon

Fylkesdirektøren si vurdering er å bruke ressursar til å målrette innsatsen inn mot førebyggjande arbeid for å unngå at ressursane vert nytta til å reparere. Det er også vesentleg å utvikle strukturane og kompetansen i eigen organisasjon. Fylkesdirektøren meiner at ein i liten grad skal kjøpe tenester utanfor organisasjonen og heller nytte desse ressursane til å fornye og forbetre eigne tenester til å omfatte alle elevar og lærlingar.